



Klara Bakke: - Zjakk er slett ikkje konkurrans! (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Zjakk Frisørsalong er slett ikkje konkurs, seier Klara Bakke.

Både ho og uskedalen.no fekk i går høyra at frisørsalongen må leggja ned saksene.

Ryktet hadde utspring i ein annonse i Kvinnheringen frå Brønnøysundregistra.

Der sto det at Zjakk Frisørsalong ANS var oppløyst.

Det som har skjedd er ikkje noko meir dramatisk enn at eit ANS er omdanna til eit AS.

- Vi lever i beste velgåande og har så mykje å gjera at vi i hvert fall ikkje har tid til å lesa avisene, ler Klara Bakke.

Av Ola Matti Mathisen